

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - A20, FE - 233	16/1058

Saknr	Utval	Type	Dato
052/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017
	Kommunestyret	PS	

## Endring i rammetimetalet frå hausten 2017

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Som eit resultat av vedtak i Stortinget om øymerka midlar til å auka talet på lærarar på 1.-4. årssteg vert rammetimetalet i Masfjorden auka med 18 timar for skuleåret 2017-18. Rådmannen syter for fordeling mellom skulane ut frå elevtal og lokale tilhøve.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn/ Fakta

I statsbudsjettet som vart vedteke i desember 2016 er det løyvd midlar til auka lærarinnsats i 1.-4. klasse. Summen er auka som ei følge av budsjettforliket. Masfjorden sin del av løyvinga utgjer kr 480000. For 2016 fekk vår kommune om lag kr 280000.

#### Vurdering

Formannskapet vedtok rammetimetale for skuleåret 2017-18 i sak 112 /16. Vedtaket innebar ein reduksjon av veketimetale med 9 timar i høvet til inneverande skuleår.

I brev av 16.02.17 fekk kommunane melding om at tilskotsordninga «tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.-4. trinn» var vidareført for året 2017. Summen er som nemnt ovanfor, auka frå året før. Utdanningsdirektoratet skriv i brev av 23.05.17 at denne tilskotsordninga er varig.

Meininga er at kommunane med desse midlane skal kunna setja inn ekstra lærarar i småskulen. For Masfjorden kommune sin del utgjer løyvinga som nemnt ovanfor kr 480000.

Midlane kan omreknast til rammetimar. Ein rammetime kostar om lag kr 25000. Då vil kr 480000 dekkja om lag 18 rammetimar. Kommunestyret har vore oppteke av å auka innsatsen for dei yngste elevane for at dei skal bli flinkare i lesing og rekning i småskulen. Stortingsfleirtalet meiner at det er viktig med tidleg innsats og at det må brukast ekstra midlar for å få betre resultat. Kommunen si oppgåve blir å fordela tilskotet på best mogleg måte og sjå til at midlane vert brukt til føremålet. Timane må fordelast på dei 3 skulane i samråd med rektorane.

#### Konklusjon

Sjå framlegg til vedtak

### **Formannskapet - 052/2017**

#### **FS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

**Som eit resultat av vedtak i Stortinget om øyremerka midlar til å auka talet på lærarar på 1.-4. årssteg vert rammetimetalet i Masfjorden auka med 18 timar for skuleåret 2017-18. Rådmannen syter for fordeling mellom skulane ut frå elevtal og lokale tilhøve.**